



# ETISKE RETNINGSLINJER

Høgskolen i Finnmark

Vedtatt av Styret for Høgskolen i Finnmark 17. juni 2010.

BAKGRUNN .....	3
FØREMÅL .....	3
<b>OPPBYGGING</b> .....	<b>4</b>
<b>B: ETISKE RETNINGSLINJER FOR HØGSKOLEN I FINNMARK</b> .....	<b>4</b>
<b>1. INNLEIANDE FØRESEGNER</b> .....	<b>4</b>
<b>2. OPENHEIT</b> .....	<b>4</b>
2.1 TILSETTE OG STUDENTAR SIN YTRINGSFRIDOM .....	5
2.2 VARSLING AV KRITIKKVERDIGE FORHOLD .....	5
<b>3. LOJALITET</b> .....	<b>5</b>
3.1 LYDNADSPLIKT - FRIDOM OG ANSVAR .....	6
3.2 RAPPORTERINGSPLIKT .....	6
3.3 LEIARAR SINE PLIKTER .....	6
3.4 EFFEKTIVITETSPLIKT .....	6
3.5 BRUK AV HIF SITT IKT-SYSTEM.....	7
<b>4. OMGJEVNADAR OG RELASJONAR</b> .....	<b>7</b>
4.1. STUDENTAR.....	7
4.1.1 Student - student .....	7
4.1.2 Undervisning .....	7
4.2 MEDARBEIDARAR.....	8
4.2.1 Medarbeidarar.....	8
4.2.2 Asymmetri i rettleiingsrelasjonen .....	8
4.2.3 Eksterne relasjonar.....	8
4.3 LEIARAR.....	8
4.3.1 Leiar og medarbeidar.....	8
4.3.2 Leiarar og tillitsvalte .....	9
4.4 BRUK AV RUSMIDLAR.....	9
4.5 SEKSUELLE TENESTER .....	9
<b>5. INTEGRITET – INTERESSEKONFLIKTAR/HABILITET</b> .....	<b>9</b>
5.1 HABILITET.....	9
5.2 TEIEPLIKT.....	9
5.3 TILLEGGSSVERV M.M. ....	10
5.4 OVERGANG TIL ANNA VERKSEMD.....	10
5.5 GÅVER OG ANDRE FORDELAR.....	10
5.6 INTERNE KONFLIKTAR .....	10
<b>6. FAGLEG UAVHENGIGHEIT OG OBJEKTIVITET</b> .....	<b>11</b>
<b>7. SANKSJONAR</b> .....	<b>11</b>
<b>C: TILVISINGAR</b> .....	<b>12</b>

## **A: INNLEIING**

### ***Bakgrunn***

Dei etiske retningslinjene er utarbeidd frå allmenngyldige etiske verdiar og normer som rettferd, ansvar, ærlegdom, respekt, tillit, omsorg, openheit, likeverd, solidaritet, fridom og personleg integritet.

Den bakanforliggende regelen er at ein skal behandle andre slik ein sjølv ønskjer å bli behandla.

I tillegg til dei etiske retningslinjene har ein andre rettsreglar (lovfesta og ulovfesta) som innverkar på det vi kallar etiske verdiar og normer, samtidig som dei etiske verdiane og normene verkar inn på rettsreglane. Eksempel på rettsreglar er forvaltningslova, ulovfesta forvaltningsrettslege prinsipp, straffelova, tenestemannslova og arbeidsmiljølova.

### ***Føremål***

HiF har som overordna mål å drive yrkesretta utdanningar med høg fagleg, pedagogisk og etisk standard.

Høgskolen ønskjer at arbeids- og studiemiljøet skal vere prega av eit ope og forpliktande samarbeidsklima, kor ulike interesser kan fremjast og bli avvegne til beste for studenten si læring.

Høgskulen ønskjer også å fremje eit godt læringsmiljø ved å tilrettelegge for ein god dialog rundt lærestoffet sitt innhald, formidling, studieadministrasjon og fysiske støttefunksjonar.

Målet med desse overordna etiske retningslinjene for HiF er å oppnå tillit i samfunnet som følgje av etisk kvalitet på tenesteyting og myndigheitsutøving. Retningslinjene er utforma for å gjere tilsette og studentar bevisst i etisk framferd. Ivaretaking av desse verdiane gjennom etiske retningslinjer skal vere med på å gjere høgskulen til ein god stad å vere og ein god stad å lære.

### ***Oppbygging***

Retningslinjene byggjer på dei generelle etiske retningslinjene som gjeld for statstenesta; ”Etiske retningslinjer for statstjenesten” som også gjeld ved HiF. Desse retningslinjene kjem i tillegg og er tilpassa Høgskolen i Finnmark sine behov.

## **B: ETISKE RETNINGSLINJER FOR HØGSKOLEN I FINNMARK**

### **1. Innleiande føresegner**

Allmenntetiske og forvaltningsetiske verdiar og normer skal alltid vere retningsgjevande for tilsette og studentar ved HiF. Andre reglar og retningslinjer som gjeld ved HiF bygger på rettsreglar og slike verdiar og normer. Det er ein føresetnad at tilsette og studentar følgjer desse i sine handlingar.

Tilsette skal aldri la eigne interesser påverke undervisning, sakshandsaminga eller arbeidet elles. Den enkelte tilsette skal ikkje ha ei rigid haldning til enkeltprinsipp, eller la omsyn til verksemda sin bekvemmeligheit avgjere handlingar eller avgjerder.

Både tilsette og studentar har eit sjølvstendig ansvar for å ta opp forhold som ein får kjennskap til ved HiF, og som ikkje er i samsvar med HiF sine etiske retningslinjer.

### **2. Openheit**

Openheit er ein nødvendig føresetnad for allmennheita sin tillit til høgskulen. Openheit og innsyn motverkar også klanderverdig framferd og ukultur.

HiF har difor som mål at all undervisning, forskning, sakshandsaming, personalhandsaming, forvaltning av økonomiske ressursar osv. skal vere prega av openheit. Dette vil hjelpe oss å utøve all verksemd i samsvar med det verdigrunnlaget vi har valt.

### ***2.1 Tilsette og studentar sin ytringsfridom***

Det er eit mål at både det faglege og administrative personalet, samt studentane, bidreg og deltek i den opne og frie debatten i det offentlege rom. Dette er heilt vesentleg for HiF sitt omdømme og posisjon, og høgskulen må fortsette å oppfordre til det.

Ytringsfridomen må likevel alltid avvegast mot lojalitetsplikta til arbeidsgjevar, sjå punkt 3. Som utgangspunkt kan berre ytringar som kan skade HiF sine interesser avgrensast ut frå omsynet til lojalitetsplikta.

I kraft av sin kompetanse har dei tilsette, og studentane, eit potensial for å løfte det faglege nivået på debatten i det offentlege rom, og har eit særleg ansvar for dette i vår landsdel.

### ***2.2 Varsling av kritikkverdige forhold***

Tilsette og studentar må kunne varsle om kritikkverdige forhold ved HiF, som misleghald gjort av tilsette og studentar, eller alvorlege feil eller svakheiter i systemet.

Før allmennheita får kjennskap til dette, bør forholdet først vere forsøkt tatt opp internt på lågast mogeleg nivå, eventuelt rapportert til rette myndigheit, sjå punkt 3.2.

## **3. Lojalitet**

Det føreligg ei alminneleg og ulovfesta lojalitets- og truskapsplikt i eit tilsettingsforhold. Lojalitetsplikta er eit alminneleg kontraktsrettsleg prinsipp. Det følgjar av arbeidsavtalen at det gjeld ei gjensidig lojalitetsplikt mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar.

Arbeidstakar si lojalitetsplikt går ut på at arbeidstakar må opptre i samsvar med arbeidsgjevar sine interesser og lojalt fremje desse.

Arbeidsgjevar skal på si side sikre at arbeidstakar sine interesser blir ivaretatt så langt som mogeleg, og leiarar har eit særleg ansvar for å bidra til vern av arbeidstakarar som avdekkar og rapporterar kritikkverdige forhold.

Sjå punkt 2.2 om ytringsfridom.

### ***3.1 Lydnadsplikt - fridom og ansvar***

Tilsette og studentar har eit ansvar for lojalt å overhalde dei lover, reglement, etiske retningslinjer og arbeidsplikter som gjeld ved høgskulen, samt å etterkomme pålegg frå overordna eller rettleiar. Samtidig må høgskulen sine leiarar og vedtaksføre organ vere varsam med å pålegge tilsette og studentar lojalitetsbindingar. Dei har eit særleg ansvar for å hindre bindingar som er urimelege, unødvendige og urettmessige.

Debatten om alle interne forhold føregår i HiF sine eigne organ. Desse organa styrer kva som skal bli unntatt frå offentlegheit, i samsvar med dei lover som regulerer dette.

Lydnadsplikta medfører aldri noko plikt til å følgje pålegg om å gjere noko ulovleg eller uetisk.

### ***3.2 Rapporteringsplikt***

Tilsette og studentar ved HiF pliktar å melde frå til overordna eller rettleiar om eigne eller andre sine handlingar eller forhold som påfører, eller kan påføre, HiF økonomisk tap eller annan materiell eller ikkje-materiell skade. Dette for at HiF skal kunne iverksette tiltak med sikte på å unngå eller avgrense tapet eller skaden.

### ***3.3 Leiarar sine plikter***

Alle med leiaroppgåver har eit særleg ansvar for å iverksette tiltak med sikte på å motverke forhold som kan skade HiF sine interesser og omdømme, eller formidle kunnskap eller rettkomen mistanke om slike forhold vidare til rette vedkommande.

### ***3.4 Effektivitetsplikt***

Tilsette ved HiF pliktar å bruke og ta vare på dei ressursane som HiF har til rådighet på den mest økonomiske og rasjonelle måte, og disponere dei optimalt i forhold til dei målsetningane som HiF har.

Tilsette skal ikkje misbruke eller sløse med HiF sitt materiell eller midlar, dette gjeld også databruk.

### **3.5 Bruk av HiF sitt IKT-system**

Tilsette og studentar ved HiF har ansvar for at all bruk av data og IKT skjer på ein lovleg og sømmeleg måte. E-post eller anna dataverktøy skal ikkje brukast til å sjikanere ein eller fleire personar. Bruk av e-post, også masseutsendingar, skal ikkje brukast for å oppnå vinning for seg sjølv eller andre.

## **4. Omgjevnadar og relasjonar**

Tilsette og studentar skal vise kvarandre gjensidig respekt, forståing og toleranse. Dei skal vise respekt for menneske i ulike livsfasar og livsforhold, og for menneske med ulik kulturell bakgrunn og livssyn. I vid forstand er tilsette og studentar å rekne som medarbeidarar, sjølv om makt og ansvarsforhold er ulikt fordelt. Ved HiF skal vi vise forståing for det heile mennesket, og ein skal behandle andre slik ein sjølv ønskjer å bli behandla.

Alle tilsette og studentar har eit moralsk ansvar for å bidra til trivsel ved HiF og aktivt medverke til eit arbeids- og studiemiljø som er trygt, stimulerande og utfordrande.

Både tilsette og studentar må sørge for at HiF til eikvar tid oppfyller dei krav som vert retta til høgskulen via lover og forskrifter frå Stortinget og annan offentleg myndigheit.

### **4.1. Studentar**

#### **4.1.1 Student - student**

Studenten har ansvar for si eiga læring. Samtidig har han eit ansvar for det totale læringsmiljøet, og bør mellom anna bidra til dette gjennom oppmøte og deltaking.

#### **4.1.2 Undervisning**

Undervisning og forskning som finn stad i høgskulen sin regi, må vere både etisk og fagleg forsvarleg.

## **4.2 Medarbeidarar**

### **4.2.1 Medarbeidarar**

Medarbeidarar skal stille krav til kvarandre, men også gje kvarandre støtte og omsorg. Som medarbeidar kan ein påverke både læringsmiljøet og det totale arbeidsmiljøet med konsekvensar for kvar enkelt medarbeidar.

All sakshandsaming i vid forstand skal pregast av rettskaffenheit, integritet og størst mogleg grad av openheit slik at alle blir sikra like rettar og rettferdig handsaming.

### **4.2.2 Asymmetri i rettleiingsrelasjonen**

Rettleiar skal ha ein profesjonell distanse og vere seg bevisst den asymmetri som eksisterer i rettleiingsrelasjonen. Fagleg kunnskap og autoritet må ikkje utnyttast til å vinne personlege eller faglege fordelar på andre si rekning, eller utnytte dette til å krenke eller undertrykke andre. Rettleiar har eit særskilt ansvar for ikkje å innleie relasjonar som sett studenten i ein sårbar situasjon.

Rettleiar må ikkje prioritere sine egne behov i rettleiinga, f.eks. ved å tru seg om sine egne faglege eller personlege problem. Rettleiar bør også utvise stor forsiktigheit og diskresjon i omtale av kollegaer i rettleiinga.

### **4.2.3 Eksterne relasjonar**

Eksternt finansiert aktivitet er ein viktig og naturleg del av verksemda til HiF. HiF-tilsette sin faglege kompetanse skal som hovudregel formidlast via HiF sine kanalar. HiF vil dermed framstå som tilbydar av slike tenester som er retta mot ein etterspørsel frå eksterne oppdragsgjevarar. Sjå punkt 5.3

## **4.3 Leiarar**

### **4.3.1 Leiar og medarbeidar**

Leiaren si framferd er viktig for å utvikle ein høg etisk standard i organisasjonen. Alle med leiaroppgåver må arbeide for å skape eit sterkt fellesskap og ein god institusjonskultur som set krav til kvalitet og ytingar. Samtidig må leiarar vise omsorg og respekt for den enkelte. Dette krev at leiarar er tilgjengelege og synlege i organisasjonen.



Leiarar på alle nivå har eit særleg ansvar for å tydeleggjere og skape aksept for etisk forsvarleg åtferd og legge vilkåra til rette for praktisering av dette.

#### **4.3.2 Leiarar og tillitsvalte**

Leiarar og tillitsvalte mellom dei tilsette og studentar har ansvar for å gje den enkelte i organisasjonen utviklingsmogelegheiter. Dei har eit særleg ansvar for å handtere mellommenneskelege konflikhtar på ein etisk forsvarleg måte.

#### **4.4 Bruk av rusmidlar**

Bruk av alkohol er ikkje tillete ved HiF. Unntak er ved særskilte hendingar godkjent av leiar eller den han gjev myndigheit til.

Tilsette og studentar som deltek på kurs og konferansar, og som driv representasjons- eller reiseverksemd som ein del av arbeidet for HiF, må vise aktsemd ved bruk av alkohol. Dette gjeld særleg tilsette når studentar er tilstade.

#### **4.5 Seksuelle tenester**

Kjøp av seksuelle tenester kan ikkje akseptrast av tilsette eller studentar som driv representasjons- eller reiseverksemd for HiF.

### **5. Integritet – interessekonflikhtar/habilitet**

#### **5.1 Habilitet**

Tilsette ved HiF skal ikkje la eigne interesser, familien eller nære vener sine interesser påverke deira sakshandsaminga, jf. forvaltningslova § 6.

#### **5.2 Teieplikt**

Tilsette ved HiF har teieplikt etter forvaltningslova § 13 og andre lovføresegner som regulerer teieplikta. Tilsette er i tillegg forplikta til teieplikt ved underskiving av eige skjema om teieplikt ved tilsetting. Også studentar er forplikta til teieplikt ved underskriving av slikt skjema.

### **5.3 Tilleggsverv m.m.**

Det er ønskeleg at tilsette ved HiF deltek aktivt i politikk og samfunnliv. Likevel kan ikkje tilsette ha ekstraverv og biverv, styreverv eller anna lønna oppdrag som ikkje kan sameinast med HiF sine legitime interesser, eller er eigna til å svekke tilliten til HiF.

Det må vere openheit om tilsette ved HiF sine ekstraverv og biverv m.m. som kan ha verknad for tenesteutøvinga i form av inhabilitet eller brot på lojalitetsplikta. Tilsette skal alltid opplyse om verv eller anna lønna arbeid til nærmaste leiar.

### **5.4 Overgang til anna verksemd**

Når tilsette heilt eller delvis går over til anna verksemd, skal det utøvast aktsemd når tidlegare opparbeidd intern kunnskap/kjennskap kan komme til nytte i samarbeid eller forhandling med HiF.

### **5.5 Gåver og andre fordelar**

Tilsette ved HiF skal ikkje, for seg sjølv eller andre, ta imot – eller legge til rette for å motta – gåver, reiser, hotellopphald, bevertning, rabattar, lån eller andre ytingar eller fordelar som kan påverke deira tenestehandlingar.

I tvilstilfelle og ved tilbod om gåver, herunder testamentariske gåver, skal den tilsette ta kontakt med nærmaste overordna. Dette gjeld likevel ikkje gåver av ubetydeleg verdi som f.eks. blomehelsingar eller liknande i samanhengar kor slik oppmerksomd er naturleg. Dersom gåva blir returnert, skal det følgje med eit brev som gjer greie for høgskulen sine reglar om dette.

### **5.6 Interne konflikatar**

Tilsette og studentar har eit ansvar for tidlegast mogeleg å ta opp problem når dei oppstår for å unngå unødige konflikatar. Konflikatar skal handterast nærmast mogeleg dei som er involvert, på lågast mogeleg nivå. Av særleg verknad er det at dei involverte partar sjølv erkjenner sitt ansvar for å løyse konflikatar. Leiarar og tillitsvalte har eit særleg ansvar i konflikthandtering.

Vi må skilje mellom konflikter og fagleg usemje, men det kan vere gråsoner mellom desse. Det kan vere verdifullt at ei fagleg usemje blir drøfta i det offentlege rom. Personkonflikter har derimot ingenting å gjere i media.

## **6. Fagleg uavhengigheit og objektivitet**

Undervisning og forskning som finn stad i høgskulen sin regi, må vere etisk forsvarleg så vel som fagleg forsvarleg. Det etiske og faglege heng nøye saman.

Det er faglege vurderingar som skal styre undervisning, forskning og forvaltning ved HiF. HiF sine tilsette kan ikkje la eigne politiske oppfatningar eller interesser styre deira sakshandsaming eller utgreiing.

Når HiF sine tilsette engasjerar seg politisk, er dette ved opptreden som privatpersonar og ikkje som ein tilsett ved HiF, jf. pkt. 5.3.

## **7. Sanksjonar**

Brot på desse retningslinjene gjort av tilsette vil bli handsama etter reglane i Lov om statens tjenestemenn og Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften).

Brot gjort av studentar vert handsama etter reglane i Lov om universiteter og høyskoler og høgskulen sitt kvalitetssystem med m.a. prosedyrar for klage- og fuskesaker.

**C: TILVISNINGAR**

- Lov om statens tjenestemenn
- Lov om universitet og høgschooler
- Likestillingslova
- Forvaltningslova
- Offentlegheitslova
- Internkontrollforskriften
  
- Serviceerklæringa for HiF,
- Strategiplan for HiF
- Personalpolitikk for HiF
- Lokal lønnspolitikk for HiF
- Retningslinjer for bruk av Høgskolen i Finnmarks IKT-system
- Handlingsplan for ekstern virksomhet ved HiF
- Handlingsplan mot rus og spilleavhengighet
- Konflikthandteringsplan,
- Handlingsplan for likestilling ved HiF,
- Handling i forbindelse med plagsom/truende seksuell oppmerksomhet ved HiF
- Varslingsrutiner ved HiF